



Johanna Yri frå Uskedalen – eldst av dei 99 som fullførte fjelltrimmen dette året. Her er ho på veg opp mot Folgefonna.

Av dei 99 som fullførte fjelltrimmen dette året var 23 frå Uskedalen og det betyr at vår bygd var best representert, opplyser Kvinnherad Turlag. Også eldste deltakar var frå Uskedalen og ikkje overraskande var det Johanna Yri, som er 81 år.

Turlaget nemner også spesielt lærar Svein A. Sunde, som fekk heile klassen sin med seg på fjelltrimopplegget.

Dette var det femte fjelltrim-året. Fjelltrimmen inneheld 16 utvalte turmål fordelt på åtte område og ein må gå minst fem turar – korte eller lange – for å få godkjend deltakinga. Difor er trimmen tilpassa slik at både store og små kan vera med. Dette året var to seksåringar dei yngste.

I 2007 var fordelinga på dei ulike turmåla slik: Ulvanåso 20, Feto 85, Mjelkhaug 40, Gråskallen 75, Geitadalstind 20, Kviteggjo 82, Melderskin 26, Skålafjell 86, Ænessetra 73, Breidablik 21, Varden 18, Blånuten 12, Borgundnuten 24, Tjobergshaugen 36, Ingahogg 66 og Svelgen 16. Sju gjekk alle turane.

22. november inviterer turlaget alle deltakarane til fjelltrimfest med premiering i Helgheim. Der vil også dei 28 som har fullført fjelltrimmen i samtlige fem år få femårsmerke.

Dette er uskedelingane som fullførte i år (talet på deltakarår i parentes):

Kaia Døssland (1), Elisabeth Eidsvik (4), Liv Sæbø Eik (2), Arne Hauge (4), Marit Hauge (4), Ingebjørn Haugland (3), Johannes Haugland (3), Rune Haugland (5), Svanhild Haugland (3), Øystein Haugland (3), Marita Kjærland (1), Nelly Kjærland (4), Rune Kjærland (3), Siv Hanne Kjærland (2), Eirin Rørheim Kjærland (1), Møyfrid Kristoffersen (2), Ingrid Kroka (1), Steinar Kroka (1), Thomas M. Mathiesen (1), Berit H. Myklebust (1), Nils Raudstein (1), Svein A. Sunde (5), Brita F. Sunde (5) og Johanna Yri (2).

Av Ola Matti Mathisen